



Møteprotokoll for Råd for eldre og funksjonshemma

Møtedato: 09.12.2019
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 13:00 - 14:30

Orienteringssaker:

- Orientering om velferdsteknologi i Modalen kommune.
- Status onsdagsklubben
- Orientering om reforma «Leve heile livet».

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Linda Helen Lundekvam		Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann		

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2019	Godkjenning av møteprotokoll
003/2019	Orienteringssaker
004/2019	Konstituering i råd for eldre og funksjonshemma
005/2019	Budsjett og økonomiplan 2020-2023

Notat frå møtet:

001/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2019: Orienteringssaker

Behandling:

Leiar for pleie og omsorg, Margrethe Kvamme, orienterte om desse sakene: Velferdsteknologi i Modalen kommune. Velferdsteknologi skal implementerast i alle kommunar i 2020. Prosjektperioden i Vestlandsprosjektet er no avslutta, og tilsette har fått opplæring i Velferdsteknologiens ABC. Maria Kolstad er fagansvarleg i Modalen. Modalen har kjøpt inn 9 tryggleiksalarmar, der 5 av desse er i bruk pr i dag. Annan og ny teknologi kan bli aktuelt etter kvart.

Onsdagsklubben er opprinneleg eit dagtilbod for demente som vart starta i 2013. I dag er det og tilbod for andre eldre å vere med på onsdagsklubben, som arrangerer turar, handarbeid og andre aktivitetar for deltakarane. Helsedirektoratet gjev tilskot til diverse utstyr ein bruker, medan kommunen dekkjer løn til tilsette, transport og andre utgifter.

Reforma «Leve heile livet» er ei kvalitetsreform under Helsedirektoratet, men er eigentleg ei samfunnsreform som involverer heile kommunen. Reforma handlar om utvikling av aldersvenlege samfunn i kommunane

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

004/2019: Konstituering i råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

Inga Jorunn Nåmdal vart foreslått som leiar og Anne Britt Almelid som nestleiar
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Inga Jorunn Nåmdal vert vald som leiar og Ann Britt Almelid som nestleiar i råd for eldre og funksjonshemma i valperioden 2019 – 2023.

005/2019: Budsjett og økonomiplan 2020-2023

Behandling:

Rådmannen orienterte om budsjett og økonomiplan 2020 - 2023

Vedtak:

Budsjett og økonomiplan for 2020 - 2023 vert teken til orientering
